



Norges Bondelag
Oslo

KOPI: Lokale Bondelag i Møre og Romsdal
Samvirkeorganisasjonane i fylket
Landbruksavdelinga i Møre og Romsdal fylke
Media - som pressemelding

Vår saksbehandler
Gunnar K. Wentzel
gunnar.wentzel@bondelaget.no
Tlf 71 20 28 92 m907 29 582

Vår dato
13. mars 2008
Deres dato

Vår referanse
Deres referanse 200700787

Uttale framfor jordbruksforhandlingane 2008 frå Møre og Romsdal Bondelag

- No er det bonden sin tur. Regjeringa må snu timeglaset for norsk matproduksjon. Bonden kan få anna arbeid på dagen, men kan samfunnet skaffe seg nye bønder? Jordbruksavtala er like mykje ein garanti for matforsyning og pris til forbrukar - Vi forhandlar for deg!

Uttalen er basert på **uttale frå 35 lokallag** (vedlagd oversend). Enno fleire lag har i år hatt studieringar over fleire kveldar og medlemsmøte. Fylkeslaget har handsama uttale i AU 4. mars og i styremøte i lag med tillitsvalde i samarbeidsorganisasjonane den 13. mars.

Hovudkrav og samandrag

- * Jordbruksavtala må gi bøndene eit skikkeleg inntektsløft i år dersom regjeringa skal unngå å gå på politisk nederlag i ei av sine viktigaste saker. Møre og Romsdal Bondelag meiner framleis at regjeringa må løfte inntektene med kr 100.000 i regjeringssperioden for å innfri lovnadene. No er det to år att.
- * Mjølkeproduksjonen på ku og geit og det grovfôrbaserte husdyrhaldet i fjord- og fjellbygdene må bli spesielt prioritert. Økonomien på eit gjennomsnittleg husdyrbruk i distriktet er kritisk svak trass i produksjonsvekst. Møre og Romsdal med resten av Vest-Norge ligg på topp i tal som sel mjølkekvota. Mjølkeproduksjonen er i ferd med å bli utradert i mange bygder. Det kan ikkje sameinast med behovet for meir husdyrprodukt, busetting og levande turistbygder. Sauehaldet har gått tilbake i fylket med 35% på 6 år.
- * Driftstilskot mjølkeproduksjon må opp kr 4.900 i resten av Sør-Norge, som Oslo-fjorden.
- * Betre økonomi i mjølkeproduksjonen vil vere den raskaste, rimelegaste og mest ressursvennlege måten å få til auka kjøtproduksjon.
- * Driftstilskot for både storfe- og sauehald bør bli gjeve til føretak der eigar også deltek i mjølkesamdrift.
- * Staten bør omsette all mjølkekvote.
- * Vi vil tilrå at det blir opna for kvoteleige.
- * Målpris- og marknadssystemet: Vi vil åtvare mot å fjerne eller redusere målpris for produksjonar som er arbeidskrevjande, har basis i distrikta med vanskelege konkurransevilkår, og har dei svakaste økonomiske resultat som mjølk, storfekjøt og sau.
- * **Målprisauke:** Mjølk +55 øre. Storfe og lam vesentleg meir enn i fjor.
- * Kraftfôrprisane er ei avtalesak, men har auka langt meir enn føresetnaden.
- * **Distriktstilskotet** bør minst auke: Mjølk +10 øre, mørkt kjøt +30 øre.
- * **Omsetningsavgifta:** Vi er glade for at Bondelaget vil halde avgifta så låg som muleg.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63 Molde	Telefon: 71 20 28 90 907 29 582m/SMS	Telefaks: 71 20 28 91	E-postadresse More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	3980.07.11308	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

- * **Prioritering** : 1 Inntekt, 2 Strukturvirkemiddel, 3 Velferd, 4 Investeringsmidlar
- * Kravet bør skilje mellom godtgjersle for arbeid og kapital, og vise fordelinga på referansebruka. Dette er særst viktig no når kostnadsdekning blir eit sentralt tema, når byggekostnader og renta stig, og for å forklare at kostnadene i ulike produksjonar ikkje er inntekt til bonden.
- * Investeringsmidla bør i stor grad over i eit eige investeringsfond utanom avtala.
- * Klima- og miljøltiltaka må bli finansiert utanom avtala, og bør omfatte tiltak som regionalt miljøprogram, spesielle miljøltiltak SMIL, bioenergi og skogtiltak.

- * Møre og Romsdal Bondelag har tidlegare bede Norges Bondelag vurdere å fremme eit tillegg til grunnlova om matforsyning, vern om landbrukets produksjonsressursar og bonden sine kår, slik Sveits har. Nasjonal matforsyning vil framover bli ein av dei største internasjonale utfordringane. Retten til vern om nasjonalt matproduksjon må bli følgd opp i Norge sitt internasjonale engasjement. Norge har eit særst godt utgangspunkt for å produsere nok av dei viktigaste matvarene, mens sjølvforsyningsgraden berre er 50%.

- * Vi vil gi ros til Landbruks- og matdepartementet for å ha følgd opp ei rekkje større og mindre saker frå Norges Bondelag.

Om dei einsskilde punkta i jordbruksavtala

1.1 Fordeling mellom bruk og distrikt - Intern prioritering av budsjettmidlar

Vi tilrår slik prioritering :

1 Inntekt, 2 Strukturvirkemiddel, 3 Velferd, 4 Investeringsmidlar (2. prioritet i mange lag)

- * Prioritere tiltak med inntektsverknad framfor refusjonsordningar som avløyssing.
- * Tillegg bør primært bli gjeve på det minste produksjonsomfang slik det har vore dei siste åra. For det er grunn til å tru at det framleis vil bli lettare å få pristillegg som har mest effekt på større produksjonsomfang.
- * Inntektsveksten må vere basert på statsbudsjettet, produktprisar og regelendringar.
- * Tillegga må dekkje arbeidsinntekt, vedlikehald av driftsmidlar, velferd og investering.
- * Inntektsløft opp på nivå med andre grupper er svaret på dei fleste utfordringane for næringa. Det vil gi produksjon, rekruttering, vedlikehald og velstelte levande bygder. Svært mange bønder har tilbod om anna godt betalt arbeid. Det blir ikkje nok rekruttering med gjennomsnittleg årsverksinntekt på kr 160.000. Men landet vil trenge bøndene sin kunnskap om matproduksjon for å halde jord og skog i hevd.
- * Kostnadsveksten er enorm og ut over føresetnadene på alle innsatsfaktorar: Kraftfôr, gjødsel, renter, diesel, el-kraft, maskinar og utstyr, bygningsmateriell og leigd arbeid.
- * Offentleg krav og regelverk, slik som krav til lausdrift, er det mest strukturdrivande og nedleggingsfremmande virkemiddel som er i landbrukspolitikken.

* **Mjølkeproduksjonen og det grovfôrbaserte husdyrhaldet i fjord- og fjellbygdene** med arbeidskrevjande produksjonar og arrondering må spesielt bli prioritert. Betre økonomi i mjølkeproduksjonen vil vere den raskaste, rimelegaste og mest ressursvennlege måten å få til auka kjøtproduksjon.

* **Driftstilskot for både storfe- og sauehald** bør bli gjeve til føretak der eigar også deltek i mjølkesamdrift. Kombinasjonen mjølk + sau har alltid hatt minst inntekt.

* **Driftstilskot i mjølkeproduksjonen** må opp kr 4.900, som ved Oslo-fjorden. Vi meiner driftstilskotet som har strukturinnretning bør opp.

* Produksjonstillegg for ku frå 26 til 50 er kr 396 og bør vere same som for ungdyr kr 787.

* Produksjonstillegg for ku bør opp kr 1.000 for dei første 16 kyr.

* **Arealtillegg korn** må få same arealinnndeling som grovfôr for å få lik konkurranse om jordleige. Det må vere omsynet til god agronomi og ikkje produksjonstillegg som avgjer kva som blir dyrka.

* **Det generelle beitetilskotet** bør aukast. Det er eit mål å få meir dyr på beite.

- * **Produksjonstillegg avslgris** inntil 35 dyr (40.000 purker) bør opp kr 1.000 til kr 1.915.
- * **Avkorting av produksjonstillegg frå 67 og 70 år** bør bli fjerna.
- * **Botnfrådraget** kr 4.000 utgjør så mykje pengar at vi ikkje prioriterar å fjerne det no.

Distriktsstøtte gir legitimitet til vår landbrukspolitikk nasjonalt og internasjonalt

Dei siste ti åra i Møre og Romsdal er kjøtproduksjonen redusert med 856 tonn, 13.000 færre storfe blir føra fram, det er 40.000 færre beitedyr i utmarka, 22.000 dekar jordbruksareal er gått ut av drift, og 40% av bøndene har slutta. Halvparten av mjølkebruka har 16 kyr eller mindre. Dei siste 6 åra har 35% av sauebruka slutta.

- * **Distriktstilskotet** bør minst auke med :

Mjølke + 10 øre.

Kjøtt storfe, sau, geit + 30 øre.

Gris Vestlandet + 30 øre

Kylling Vestlandet + 10 øre.

Egg Vestlandet : + 5 øre

1.2 Marknadsinntekter og målprisar

- * Mjølkepris til produsent bør i år opp minst 55 øre. Vi er i tvil om det er nok til å dekkje både auka variable kostnader og gi ei viss inntektsvekst
- * Kjøttprisane spesielt på storfe og lam må betydeleg opp og meir enn avtala i fjor.
- * Gris og egg må målpris minst auke tilsvarende kostnadsveksten.
- * Grønt: Grunnlag for vesentleg auke der marknadsprisane har vore over målprisane. Målpris eple, pære og plomme bør opp rundt 7%. Målpriskurven bør starte tidlegare. Potetprisane må vesentleg opp – kvalitetskrava medfører at 40% av leveranse er salsvare.
- * Kraftfôrprisane er ei avtalesak, men har auka langt meir enn føresetnaden. Prisen på korn må bli vurdert i forhold til økonomien i husdyrproduksjonen.

Vurdering av å fjerne målpris for visse produksjonar

Det er behov for å vere kreativ ved vurdering av framtidige prissystem for ulike produksjonar. Vi vil åtvare mot å fjerne eller redusere målpris for produksjonar som er arbeidskrevjande, har basis i distrikta med vanskelege konkurransevilkår, og har dei svakaste økonomiske resultat som mjølke, storfekjøtt og sau. Det kan gå ytterlegare ut over rekrutteringa til desse basisproduksjonane. Erfaringa frå Sverige viser at desse produksjonane er mest redusert som følge av import.

Marknadsordninga for mjølke med utjamningsprinsippet, som mellom flytande produkt og ost, er det viktigaste instrumentet for primærproduksjonen, men også grunnlaget for foredlingsanlegg utover heile landet. Det er vanskeleg å tenkje seg at ein kan fjerne målprissystemet og likevel halde på heile marknadssystemet for ei produktgruppe. For mjølke er konsummjølka grunnlaget for prisutjamningsordninga.

Styringsprisen i jordbruksavtala med bestemmelsen om at vi ikkje kan gå ut over målpris utan tilsvarende reduksjon neste år bør bli vurdert fjerna.

2 Dei ulike produksjonane

2.1 Korn og kraftfôr – krevjande prisutvikling

Kraftfôrprisane er ei avtalesak, men har auka langt meir enn føresetnaden.

Ein prisauke på kraftfôr på 10 øre betyr 40 øre dyrare svinekjøtt eller kr 65.000 i meirutgift for ein konsepsjonsbuskap med gris.

2.2 Frukt, bær og grønnsaker – marknad for produksjon og pris for norsk kvalitet

Prioritere : Distrikts- og kvalitetstillegget, dernest Areal- og kulturlandskapstillegget.

Areal- og kulturlandskapstilskot frukt og bær bør vere i to ulike grupper, og auke 10%.

Tilskotet for Distrikts- og kvalitet og til fruktlager må følgje kostnadsutviklinga.

Løyvinga til utvikling av friskt plantemateriale bør opp med 1 mill kr.

Fellestiltak som grønnsaklager, potetpakkeri, bærfryseri bør bli støtta på line med fruktlager.

Tilskotet til Råvareprisordninga (RÅK) er viktig også for m.a. jordbær.

2.3 Gris i distrikta – styrker mange gardsbruk og slakteri i distrikta

Gris i satellittar har høgare produksjon enn andre ved teljedato og taper produksjonstillegg.

2.4 Egg- og fjørfeproduksjonane desentralisert sikrar norsk kvalitet

2.5 Mjølkeproduksjonen arbeidskrevjande - grunnlaget for landbruk i heile landet

* For å unngå at nødvendige tillegg for å dekkje inn offentlege krav ut skal slå heilt ut som målpris og med det gul boks i år, kan det vere ei løysing å gi eit investeringstillegg t.d. med 20 øre pr liter.

* Krav om lausdrift set fart i bruksnedlegginga og er svært strukturdrivande. Krava til lausdrift bør berre gjelde for nybygg og vere likt for økologisk og andre driftsformar.

Offentlege krav og kontroll for driftsapparatet i husdyrhaldet er svært kostnadsdrivande : Brannvarslingsanlegg, silotalje, el-anlegg, vassprøvar, smittesluse, oppstalling husdyr, osb. Det må kome ei gjennomgang av kva for krav som er naudsynt av omsyn til matvarekvalitet og dyrevelferd.

Kvotordninga for mjølk : Staten omsette all mjølkekvote – Opne for kvoteleige

* Staten bør omsette all mjølkekvote. Dette bør redusere kostnadene, og bør bli sett i samanheng med forslaget om å innføre kvoteutleige.

* Vi vil tilrå at det blir opna for kvoteleige. Kvoteleige må skje innan 17 km og ikkje innan ein region slik som ved sal. Kvoteaket blir 400.000 liter som for einskildbruk. Dette medfører at for å bli godkjend som samdrift må alle vere aktive. Prinsippet om å unngå kvoteleige meiner vi vart svært svekka då aktivitetskravet til samdrifter vart borte. Ved å opne for kvoteleige blir det mindre behov for fjerne taket for deltakarar i samdrift.

- Innføring av kvoteleige vil legalisere det som er dagens praksis i mange tilfelle. Samdrifter vil då bli etablert der det er ønske om reelt samarbeid. Det kan gjere det lettare å arbeide for greie reglar og vilkår for samdrifter.

- Dagens system betyr komplisert og kostbar tilpassing og behov for føring av rekneskap for fleire føretak, bruket og samdrifta. Ein leigeavtale bør vere eit mindre komplisert dokument enn ein samdriftsavtale for ei fiktiv verksemd mellom næringsdrivande.

- Høve til leige av kvote vil neppe føre til at fleire sluttar.

- Bruk som leiger ut kvoten kan lettare drive med anna produksjon utan omsyn til avgrensingar i reglane for produksjonstillegg.

- Utleige av kvote er å rekne som næringsinntekt og kan supplere anna drift.

- Kvoteleige kan bli utgiftsført i motsetnad til kvotekjøp.

* Reglane for sovande mjølkekvote må vere som i dag med krav om drift for aktivisering.

* Dersom det er behov for meir mjølk bør det skje ved auka forholdstal. Vi trur differensiert forholdstal etter kvotestørrelse er mest rettferdig dersom alle skal kunne få produsere etter eit visst forholdstal også ut over kvotetaket.

* Noregs Bondelag sin handtering av reglane for ekstra kvote for geitmjølk i Verdsarvområda har vore svært effektiv og er positivt motteke.

Samdrift i mjølkeproduksjonen

Dersom det ikkje blir innført kvoteleige, meiner vi at Bondelaget igjen må fremme krav om å fjerne taket på deltakarar i samdrift. Vi viser her til vedtak i årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag på bakgrunn av sak reist av Ørskog Bondelag. Alternativt må det vere muleg å praktisere reglane for godkjenning av tal deltakarar i samdrift noko meir tilpassa lokale forhold, spesielt i fjord- og fjellbygdene.

Avgrensinga for fem i sommarsamdrift er også tungvint sjølv om det er opna for at fellesetrar kan søkje dispensasjon kvart år.

Vi ønskjer framleis at det blir arbeid med å gi mjølkesamdrifter ekstra driftstillegg der ein kan dokumentere aktivitetskrav av eit visst omfang. Økonomien i samdrifter med fleire brukarar er for dårleg. Det kan t.d. vere slik at to partnarar får 1,5 driftstillegg, og 3 eller fleire får 2 driftstillegg. Vi meiner det må vere muleg å dokumentere ei viss landbruksinntekt liksom for fleire andre ordningar, jfr krav til produksjonstillegg, tidlegpensjonsordninga, avløysartillegg, m.m. Reelle samdrifter vil sikre produksjon og fritid, og kan gi betre økonomi ved utbygging. Om ei samdrift med nybygg ryker får det store konsekvensar for lokalmiljøet.

2.6 Geitehaldet

Prosjektet "Friskare geiter" må halde fram til det er fullført. Geitehaldet blir drive der det er få alternative driftsformer. Geitehaldet har behov for å utvikle tekniske løysingar og funksjonelle bygg.

2.7 Storfekjøtt og ammeku – få til meir kjøttproduksjon på mjølkebruka

Den raskaste og mest miljøvennlige måten å auke produksjonen av storfekjøtt er på mjølkebruka. Vi tilrår innføring av eit Hanndyrtillegg for ung okse over 280 kg med kr 1.000. Utbetalinga bør vere i lag med slakterioppgjeret. Jfr tilskot lammeslakt.

2.8 Sau – korleis få økonomi og fleire til å auke produksjonen

Påsett-lam bør få produksjonstillegg, t.d. slik at 25% av lam under eitt år får tillegg. Kvalitetstillegg for lammeslakt må bli utbetalt i lag med slakteriavrekninga. Reglane for produksjonstillegg må opne for nye samarbeidsløysingar i sauehaldet.

2.9 Kanin - gjeninnføre husdyrtillegget

Vi går inn for å gjeninnføre husdyrtillegg for avlshoer av kjøtt-/ull-/pelsrase, og innføre distriktstillegg. Tillegget var tidlegare 68 kr/dyr opp til 200 dyr. (Jfr at det er tilskot til avløyning for avlskanin med kr 220/dyr og år, samanlikn med produksjonstillegg for høner, samt at kylling får distriktstilskot.) Produksjonen er grasbasert, egna for kvinner og ungdom, og gjenbruk av gamle fjøs over heile landet. Ei kanin ho kan produsere 50 kg kjøtt årleg, sml. sau.

Det er i dag to godkjende kaninlakteri, i Akershus, og Øre Vilt i Møre og Romsdal.

2.10 Hesten – husdyr med mange nye bruksmåtar

2.11 Fraktutjamning pelsdyrfôr

Transportkostnadene har auka slik at løyvingane igjen bør opp på 25 mill kr. Pelsdyrhaldet er i vårt område ei viktig tilleggsnæring i distrikta til liks med fleire andre produksjonar.

3 Velferdsordningane – framleis prioritere avløyning under sjukdom

* Vi vil framleis prioritere satsane for avløyning under sjukdom framfor anna velferd. Ved avløyning under sjukdom må avløysarlaga kunne fakturere ein dagsats etter kva det faktisk kostar å leige kvalifisert hjelp. Maks dagsats som no er på kr 1.030 bør gå ut.

To personar på ein gard må få rett til avløyning under sjukdom samtidig.

* Utbetaling av avløysarrefusjon må skje tidlegare. Jfr tidlegare uttaler.

* Løyvinga til avløysarordninga må i det minste følgje lønsutviklinga. Men kraftig auke i avløysarordninga med dagens utbetalingssystem er mindre prioritert sidan mange ikkje har råd til å forskottere avløyninga i lang tid.

* Tidlegpensjonsordninga auke i takt med G i folketrygda.

3.1 Etter- og vidareutdanning i landbruket

Kompetansebevis for nye matprodusentar er ønskjeleg. Og bøndene treng tilbod om etterutdanning, men det må bli finansiert utanom jordbruksavtala.

4 LUF : Næringsutvikling - på flest muleg gardsbruk

4.1 Investeringsmidlar - prioritere rentestøtte og nytt investeringsfond utanom avtala

Investeringsmidlane for 2007 var her i fylket disponert alt i februar. Og midlane for 2008 var disponerte i november 2007. Regelverket for dyrehald har ikkje ført til tilsvarande auke i investeringsmidlar.

* Med høgare rente vil det vere rett å prioritere rentestøtteordninga. Vi trur rentestøtteordninga bør bli forvalta sentralt med sikte på balanse mellom forbruket av tilskot og rentemidlar.

Rentestøtta bør vere basert på fjorårets rente og ikkje dei siste tre åra.

* Utbygging av gjødsellager bør no ha prioritet.

* Sikringsfondet for Risikolånordninga må ut av avtala og under den generelle låneramma.

* Vi støtter Norges Bondelag sitt forslag om å etablere eit betydeleg fond basert på løyving frå statsbudsjettet utanom avtala. Regjeringa har satsa 2,5 mrd kr i eit nytt investeringsfond for andre viktige innovative vekstnæringer.

Landbrukets Utbyggingsfond – klargjering av kapitalkostnadene

Godtgjersla for innsett kapital er ulik mellom produksjonar og må bli synleg i samanheng med forhandlingane. Kapitaldekking går ikkje fram av tabellane for vederlaget for arbeid og eigenkapital på dei ein-skilde referansebruka. Dette vil vere naudsynt for å dokumentere kostnadsnivået i ulike produksjonar.

Klima og miljøtiltak

Landbruket er ein del av løysinga på miljø- og klimautfordringane. Tiltaka må bli finansiert utanom avtala, og bør omfatte tiltak som regionalt miljøprogram, spesielle miljøtiltak SMIL, bioenergi og skogtiltak. Dagens midlar til bioenergi og skogbruk over LUF på heile 190 mill kr gjeld langsiktige samfunns-tiltak. Avtalemidlane i LUF trengst til bruksutbygging og næringsutvikling.

Vi ser for oss at klimatiltaka kan bli kostbart for næringa. Klimatiltaka må finansierast saman med andre sektorar. Tiltaka må difor bli nøye vurdert fagleg og vere tilpassa ulike klimaområde og bruksstruktur. Vi ser behov for forskning og utvikling utanom bøndene sine midlar.

4.2 Økologisk landbruk – Behov for ny strategi og nye grep for å fremme produksjon

Vi trur det stadig er behov for å vurdere strategi og tiltak for at norsk økologisk produksjon skal dekkje marknaden. Øko-landbruk er basert på krinslaupstanken på garden. Dette kan normalt ikkje sameinast med ein-sidig produksjon eller vere basert på lang transport av innsatsfaktorar eller produkt. Samstundes bør tiltak stimulere til økologisering av all produksjon. Vi er på god veg med gjødsel- og miljøplan og kvalitetssystem.

* Norsk landbruk bør vurdere nye omgrep som t.d. dokumentert produksjon, slik Sveits har sitt ”integ-
rert landbruk”.

* Krav til husdyrhald må vere likt for alle produksjonsformar i Norge. Bør vurdere om alle krava til øko-
logisk produksjon er rett.

* Bruk av felles ressursar for å fremme økomat på offentlege institusjonar bør vente til ein har tilstrek-
kjeleg stort og bredt utbod av økovarer.

* Utprøving av økonomisk gjødselhandtering med eit miljøperspektiv bør vere prioritert forskingsområ-
de.

* Tilskotet til økokorn bør vris meir frå areal til pris for å stimulere god agronomi.

* Norges Bondelag bør vurdere medlemskap i IFOAM, den internasjonale organisasjonen som arbeider
med reglane for økologisk landbruk.

4.3 Regionalt miljøprogram – ut av avtala

Miljøprogrammet må ha klare mål om at miljøtiltaka skal ha inntektsverknad. Vurdere overføre ordninga til andre postar på statsbudsjettet utanom avtala. Jfr krav frå interessegrupper om vesentleg auke i Miljøverndepartementet, og arbeidet for å kunne drive næring i tilknytning til verna områder.

4.4 Spesielle miljøtiltak i landbruket – SMIL – vekt på bærekraftig inntektsverknad

Sidan tildelinga av SMIL-midlar er basert på historiske tal får fylket vårt ein relativt liten del av SMIL-midlane. Dette har verknad for opplevingstiltak knytt til næringa i bygder som no har svært få husdyr att, som frå Geiranger over Trollstigen, ut til Runde og Atlanterhavsvegen, i Hjørundfjorden, Sunndalen og Romsdalen.

* Tilskot til nydyrking, grøfting eller profilering i kystregionen viktig slik at areala blir halde i hevd.

* Vurdere overføre SMIL-ordninga til andre postar på statsbudsjettet utanom avtala.

4.5 Fraktordningane - gir meir like konkurransevilkår og sikrar avsetning

Vi vil prioritere auka fraktutjamning framfor ytterlegare prisnedskrivning på korn for å oppretthalde like kraftfôrprisar over heile landet.

Frakttilskot - Mellom-frakttilskot mellom underskots- og overskotsområder for korn må bli tilpassa kostnadsveksten.

4.6 Forsøksringane

Landbrukets Forsøksringar arbeider no med utvikling av nye tilbod som det er viktig blir prioritert. Rammeløyvinga til forsøksringane må ta høgde for kostnadsutviklinga.

4.7 Utjamning av veterinære reiser

Vi ber om at ein er merksam på utviklinga av veterinærdekninga i distrikta. Reiseavstandane tek til å bli svært store og tyngande i vaktidistrikta.

5 Oppsummering av våre krav i kroner : Ca 2.450 mill kr

6 Andre felles oppgåver og tiltak over statsbudsjettet

* Omsetningsavgifta : Vi er svært tilfreds med at Norges Bondelag arbeider for å halde avgifta så låg som muleg sidan avgifta utgjør store beløp. T.d. blir 10 øre i oms avg til kr 10.000 for ein produksjon på 100.000 liter.

* Inntektsfrådraget må vere pr person som har næringsinntekt. Innslagspunktet for jordbruksfrådraget bør vere lågare.

* Høve til å utgiftsføre kjøp av mjølkekvote.

* Halde fram krav om heve avskrivingsatsane for næringsbygg frå 4 til 8% utanom avtala. Dette er særleg viktig for distrikta der det er lita alternativ til bruk av bygg.

* Opprette skattefri avsetning i investeringsfond.

* Forskings- og utviklingsinstitusjonane i landbruket bør arbeide med system som kan gjere garden meir sjølvberga med energi. Det kan vere bioenergi, el-forsyning frå vasskraft, vind, gjødselgass, solceller, osb.

* Forsking på alternative metodar viktig når stadig fleire plantevernmidlar blir forbode.

* Vi må få eit system som gjer det meir lønsamt å selje eit bruk samla enn å slakte det.

* Norges Bondelag bør vurdere momsgrepet – at bøndene får behalde momsens slik det er i nokre land. Moms på landbruksprodukt er ein del av verdiskapinga i næringa.

* Etablere beredskapslager for korn igjen.

7 Forhandlingsstrategi

Medlemene er ganske samstemte om at Bondelaget bør fremme eit så høgt som det er naudsynt for å gi inntektsløft, sjølv om det kan gi stor avstand til resultatet.

Haldninga hos medlemene her i fylket har over fleire år vore at den raudgrøne regjeringa må innfri forventningane og heve inntektsnivået minst kr 100.000. No har regjeringa to år att. Det er ikkje godt nok med ei god avtale framfor stortingsvalet. Medlemene uttrykker at det ikkje er Bondelaget sin oppgåve å verne denne regjeringa. Blir det ikkje eit inntektsløft med denne regjeringa no, blir det aldri før det er matmangel. Spesielt den arbeidskrevjande og heilårs mjølkeproduksjonen treng sårt til eit løft.

Strategien til styret i Møre og Romsdal Bondelag har difor over fleire år vore å fremme offentleg og høglydt medlemene sine forventningar i god tid før forhandlingane startar. Vi har vore opptekne av å prate opp inntekta og matprisane i god tid før vi er i ein reell forhandlingsituasjon.

Vi er opptekne av at medlemmene og tillitsvalde må prøve å gi våre forhandlarar trykk, tillit og støtte i forhandlingsituasjonen. **Vi er merksame på at det kan bety ei kjempeutfordring i å ta ned igjen forventningane hos medlemene dersom vi kjem til at det er klokt å godta ein avtale utan tilstrekkeleg inntektsløft.**

Vi trur difor at uravrøysting er klokt slik at medlemene kan seie ja eller nei dersom avtala er på grensa til å innfri. Eit nei vil plikte medlemene og organisasjonen til å ta ansvar for vidare tiltak. Men den strategiske vurdering rundt uravrøysting må leiinga ta på bakgrunn av situasjonen nærare levering av kravet.

Vi ønskjer våre forhandlarar lukke til og vil stå bak dei tiltak som blir bestemt !

Med helsing Arne Magnus Aasen

Gunnar K Wentzel

Vedlegg: Uttale frå desse Bondelaga: Liabygda. Ålvundfjord. Skjåstaddalen. Giske. Austefjord. Rovde. Molde. Ytre Haram. Hustad. Indre Averøy. Vestnes. Eide. Valldal + Eidsdal og Norddal. Ørskog. Vestre Sunnmøre. Nesset. Gjemnes. Fræna. Stranda. Surnadal + Todalen. Sunnlyven. Rindal. Ytre Averøy. Sykkylven. Aure. Sunndal. Halså og Valsøyfjord. Kvernes. Skodje. Ørsta. Volda og Dalsfjord. Vanylven og Syvde. **Frå samarbeidande organ:** Tine Meieriet Vest. Tine Midt-Norge. Sunndal Produsentlag. Gartnerhallen region Vest. Norsvin. Søre Sunnmøre Landbrukstenester. Norsk Hjørteavlforening. Sunnmøre Pelsdyrslag. Møre og Romsdal Kjøttfeavlslag.



Frå utvida styremøte i M&R Bondelag 13. mars 2008 om uttale til jordbruksforhandlingane:

Foran f.v.: kontaktutvalsleiar i Nortura, Paul Sindre Vedeld, Vanylven, styreleiar i Tine Meieriet Vest, Jan Ove Tryggestad, Stranda, nestleiar i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, Oddveig Gikling, Sunndal og leiar i Norsvin i M&R, Lars Erik Hubred, Vestnes.

Fylkesstyret bak f.v.: organisasjonssjef i M&R Bondelag, Gunnar K. Wentzel, nestleiar Inge Martin Karlsvik, Eide, fylkesleiar Arne Magnus Aasen, Tingvoll, Birgit Oline Kjerstad, Haram, Per Kristian Gjerde, Stranda, Hans Frafjord Vestnes og Anne Katrine Jensen, Gjemnes. (Foto: Arild Erlien).